


Årsrapport 2016

Hardangervidda Fjelloppsyn



FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjellova og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettigkeitshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndighet og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog og vernemyndighetene.

Harangervidda Fjelloppsyn

Fjellstyra på Hardangervidda as (FH)

Hovudkontor:

Pb 2, 5731 Ulvik

Tlf: 90213630

E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no

Heimeside: www.hardangervidda-fjellstyra.no

Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over aktiviteten til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2016.

Fjelloppsynet er ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og daglegrift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 4 årsverk i 2016

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Klima og miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturopsyn. Noko av arbeidet er betalt av UniResearch as, Norges miljø- og biovitenskaplige universitet, Norsk institutt for naturforskning, Norges vassdrags- og energidirektorat og Hardangervidda villreinutval.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndighet innan miljølovverka i Sørøst- og Vest politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Me vil takke oppdragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Mars 2017

Georg Gjøstein /s/
Dagleg leiar

1. Oppsynsarbeid	5
1.1 Jakt	5
1.2 Fiske	5
1.3 Motorferdsel	5
1.4 Reaksjonsstatistikk	6
1.5 Kulturminner	6
1.6 Naturvernområder	6
1.7 Registrering av bygninger og andre objekt.....	7
1.8 Tilsyn med nye tiltak i nasjonalparken.....	7
2. Fjellredningsarbeid	7
3. Informasjonsarbeid	7
3.1 Generelt	7
3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter.....	7
3.3 Heimeside	8
4. Rekrutteringsarbeid	8
5. Registreringsarbeid	8
5.1 Registrering av villrein – Rv 7	8
5.2 Strukturteiling av villrein	9
5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.	9
5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev	9
5.5 Utsetting av fjellrev	9
5.6 Vatnprøver.....	9
5.7 Rovvilkontaktarbeid	9
5.8 Registrering av jerv	9
5.9 Snømålinger.....	10
5.10 Overvåkning av Kongeørn, TOV-E	10
5.11 Oppsetjing av ferdselsteljerar.....	10
5.12 Databaser for naturfaglige registreringar og registreringar i verneområder.	10
6. Skjøtselsarbeid.....	10
6.1 Skilting	10
6.2 Renovasjon.....	10
6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra.....	10
7. Sekretariat.....	11
8. Organisasjonen	11
8.1 Generalforsamling	11
8.2 Styre og Fjelloppsynsutval	11
8.3 Tilsette	12
Vedlegg 1 Totaloversikt over utført arbeid.....	12
Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra	12
Arbeid for Røldal fjellstyre	12
Arbeid for Ulvik fjellstyre	13
Arbeid for Ullensvang fjellstyre.....	14
Arbeid for Odda fjellstyre	15
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre	15
Arbeid for Rauland fjellstyre.....	17
Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	17
Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn	19

1. Oppsynsarbeid

1.1 Jakt

Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn har hatt høg aktivitet i det samordna villreinjakttoppsynet på Hardangervidda i 2016. Arbeidet føregjekk i lag med politiet og Statens naturoppsyn. Oppsynet bisto med innsamling av kjøtprøver for måling av radioaktivitet og organiserte innsamling av kjevar frå felt villrein under jakta. Det er laga ein særskild rapport for villreinjakttoppsynet.

Småviltjakt

I 2016 var rypa freda i statsallmenningane på Hardangervidda untatt Øvre Numedal. Der vart det utført oppsyn med jakta. Det vart elles helde oppsyn med at fredningspåboda vart etterlevd. Jakt på anna småvilt var tillede men synast å ha eit lite omfang.



Dyr ved Kvenna hausten 2016. Foto: HF, Georg Gjøstein.

1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskerar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert. I 2016 var det sett av særskild tid til kontrollar i Eidfjord statsallmenning, Ulvik statsallmenning, Røldal statsalmenning og Øvre Numedal statsallmenning.

1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten i 2016 føregjekk i Tinn, Vinje, Seljord, Nore og Uvdal, Eidfjord, Ullensvang, Odda, og Voss. Sommarstid er det gjennomført kontrollar med bilar og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.

1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte					
	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Motorferdsel	63	70	32	46	39	42
Småviltjegerar	14		5	1	9	2
Storviltjegerar	137	82	96	75	101	121
Fiskerar	57	17	31	58	53	21
Vernereglar	10					
SUM	281	174	164	181	202	207

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar						Antall anmeldelsar				
	2016	2015	2014	2013	2012	2016	2015	2014	2013	2012	
Motorferdsel		3		4		8	9	6	4	1	
Småviltjegerar						4					
Storviltjegerar		3	7		5	1	1	2	1	1	
Fiskerar				17		1	2		1		
Bandtvang	1		1	1	2						
Vernereglar						1					
SUM	1	6	8	22	7	15	12	8	6	2	

1.5 Kulturminner

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken.

1.6 Naturvernombråder

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark, deler av Hallingskarvet nasjonlpark samt tre landskapsvernombråde. Det er også utført oppsyn og skjøtsel i eit naturreservat.

Tabell 3. Naturvernombråder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2016

Vernområder i Telemark:	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernombård</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernombård</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
<i>Skirvedalen naturreservat</i>	<i>Tinn</i>
Verneområder i Hordaland	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odda</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombård</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>
Verneområder i Buskerud	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombård</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>

1.7 Registrering av bygningar og andre objekt

Bygningar og faste installasjoner som skilt m.m.i nasjonalparken er koordinatfesta og lagt inn med mål og foto i miljøforvaltninga sin verneområdelogg.

1.8 Tilsyn med nye tiltak i nasjonalparken

Det er utført tilsyn med tiltak der det er gjeve løyve frå forvaltningsmyndighetene for nasjonalparken. Dette er i hovudsak tilsyn med nybygg og ombygging av eksistrande bygningar.

2. Fjellredningsarbeid

Fjelloppsynet deltok med instruktør under eit vinterkurs for Røde Kors. Dette føregjekk i Songaområdet.


3. Informasjonsarbeid

3.1 Generelt

Der er ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon til publikum. Samla er det gjeve informasjon til 645 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter

Arbeidet med informasjonsarbeid sommarstid ved sentrale innfartsområder til vidda vart vidareført. Dette året føregjekk arbeidet to dagar på Haukeliseter og åtte dagar på Tinnhølen. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Diverse brosjyrer om nasjonalparken og reglar for bruk av naturen m.m. vart delt ut. Ein bisto også NINA med å dele ut ei spørjeundersøkjing om bruken av nasjonalparken og samle inn svar. Arbeidet vart utført i kombinasjon med oppsynsarbeid og skjøtsel.



På Tinnhølen kunne brukarane av nasjonalparken delta i spørjeundersøkjing i 2016. Foto: HF, Georg Gjøstein.

3.3 Heimeside

Fjelloppsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as (FH). Det har vore kontaktinformasjon og nokre artiklar frå den lokale forvaltninga på Hardangervidda.

4. Rekrutteringsarbeid

4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske. Som eit konkret tiltak vart det i 2016 helde eit jegerprøvekurs for ungdom i Hardanger i regi av personell frå fjelloppsynet. Kurset føregjekk i Ulvik.

5. Registreringsarbeid

5.1 Registrering av villrein – Rv 7

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa oversikt over villreinen sine rørsler i høve til Rv 7 i tråd med instruks frå Miljødirektoratet. Arbeidet føregjekk i hovudsak ved visuell observasjonar og radiopeiling frå egna stader i terrenget. ”Dyrepositionar” frå radimerka villein på Hardangervidda er eit viktig hjelpemiddel i arbeidet. Ved fleire høver var det villrein i nordområda av vidda sør for Rv 7.



Lokalisering av villrein med radiotelemetri. Foto: HF, Georg Gjøstein.

5.2 Strukturtelling av villrein

Fjelloppsynet deltok med to personar under strukturtelling av villrein hausten 2016. Arbeidet pågjekk i Tinn og Nore og Uvdal.

5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.

Det vart gjennomført vinterkontroll og sommarkontroll av hi i same områda som det er foringsautomatar i Eidfjord og Vinje samt i nærliggande hi i Nore og Uvdal.

5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev

Det er helde regelmessig tilsyn med foringsautomatar for fjellrev i Vinje og Eidfjord. Det vart jamnleg etterfylt med for og viltkameraene på automatane er fyldt opp.

5.5 Utsetting av fjellrev

Personell frå fjelloppsynet deltok på utsetting av fjellrev i Eidfjord og Vinje.

5.6 Vatnprøver

Det er henta vassprøver frå fem lokalitetar. Dette var Svartavasstjørnet, Svartavatnet, "Krobusbekk" og Drageidfjorden i Eidfjord.

5.7 Rovvilkontaktarbeid

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovvilkontaktarbeid i Hardanger og i øvre Telemark. Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid samt kontroll av felte gauper, fangstbåsar og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid.

5.8 Registrering av jerv

Personellet i fjelloppsynet registrerer rutinemessige jervespor i samband med feltaktivitet vinterstid. Sporlogg frå turar og eige registreringskjema blir oversendt rovviltnoordinator i Sno. Det vart brukt særskilt tid til sporing av jerv på vidda dette året grunna spor av fleire jervar med påfølgande uttak.



Jervespor på vidda vinteren 2016. Foto: HF, Georg Gjøstein.

5.9 Snømålingar

Fjelloppsynet bisto Norges vassdrags- og energidirektorat under snømålingar i april. Arbeidet føregjekk i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Nore og Uvdal.

5.10 Overvåkning av Kongeørn, TOV-E

Mannskap frå fjelloppsynet har gjennomført registreringsarbeid, som eit ledd i nasjonal overvåkning, på tre reirlokalitetar i Buskerud.

5.11 Oppsetjing av ferdselsteljerar

Fjelloppsynet har delteke i arbeidet med oppsetting av ferdselsteljerar i ulike delar av Hardangervidda.

5.12 Databaser for naturfaglege registreingar og registreringar i verneområder.

Innsamla data har m.a. vorte overført til desse databasene:

<http://www.artsdatabanken.no/>

<http://nvs.villrein.no/sett-rein/>

<http://www.rovdata.no/>

<https://feltdagbok.miljodirektoratet.no>

<http://www.nina.no/Forskning/Fjellrev/Avlsprogrammet-for-fjellrev/Tilsynslogg->

6. Skjøtselsarbeid

6.1 Skilting

Det er bytta klistermerker på nokre nasjonalparkskilt og andre verneskilt m.a i Middalen og Vivassdalen, Hellehalsen og Hansbu. Det er sett opp plakttatar på tavle for Skirvedalen naturreservat.

6.2 Renovasjon

Det er frakta ut søppel frå fjellstyrehytte. Elles er det klargjort noko jernskrap som låg laust i nasjonalparken for uttransport på vinterføre. I Kvennadalen er det frakta ut søppel som vart samla saman langs vassdraget året før.

6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyrå

For fjellstyrå vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt internkontroll med brannverntilhøva. Arbeidet er gjort nærmare greie for i vedlegg 2.



Fjelloppsynet forsyner hytter og buer med ved. Foto: HF, Georg Gjøstein.

7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre- Sveinung H.Olsnes
- Øvre Numedal fjellstyre- Hans- Jørgen Jahren
- Ullensvang fjellstyre og Fellestyret for Ullensvang statsallmennig – Trine Hilstad/Sveinung Olsnes
- Ulvik fjellstyre- Harald N. Andersen

8. Organisasjonen

8.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heilegd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2016 vart arrangert 15. juni som telefonmøte. Det vart helde ekstraordinære generalforsamlingar 1. april og 2. desember 2016.

8.2 Styre og Fjelloppsynsutval

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Vebjørn Håvardsrud har vore styreleiar og Eivind Tokheim nestleiar. Dei øvrige styremedlemene har vore Marit Jortveit, Torgils Eide, Lars Kristian Eidnes, Knut Sygnestveit, Steinar Langesæter og Torleif Fresvik. Fjelloppsynsutvalet var sett saman av Vebjørn Håvardsrud, Steinar Langesæter, Marit Jortveit og Torgils Eide.

8.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidrarar i 2016 (tabell 4.)

Tabell 4. Tilsette i 2016

Tilsett / kontorstad	Stillingsstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar) , Voss	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	50 %
Harald Normann Andersen, Ulvik	70 %
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	85 %
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	55 %
Sten-Rune Jensen, Uvdal	15%


Vedlegg 1. Totaloversikt over utført arbeid

Oppdragsgjevar	Timeverk
Fjellstyra	4429
Hardangervidda villreinutval	85
Statens naturoppsyn	2103
Norges vassdrags- og energidirektorat	32
Norsk institutt for naturforskning	17,5
Uni Research as	24
Sum	6690,5

Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra

Arbeid for Røldal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 109,1 timeverk for Røldal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 68,5 timer.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er helde oppsyn med fisket i vatna i nærområda til E 134 m.a Ståvatn, Ulevaåvatn, samt lenger inn i statsallmenningen i Hellevassområdet.

Under villreinjakta var det oppsynspersonell i statsallmenningen mot slutten av jakta.


Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bokar på to dagar fire veker sommarstid, samt var til stades to dagar på Haukeliseter.

Brannvernarbeid

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Arbeid for Ulvik fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 596 timeverk for Ulvik fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 236 timer.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Harald N. Andersen.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført fiskeoppsyn. Særskild garnfiskekontroll vart utført i Langavatnet og Rundavatnet. Det vart helde oppsyn med at fredningspåbodet for rype vart helde.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bokar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Fiskeundersøkjing

Det utført prøvefiske i Reipsetjørnane.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehytte.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehytte. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Vedlikehald av hytter m.m.

Det er bytt to glas i Sankebua i Austdal. Det er helde jamnleg tilsyn med Finsebu for å halde snurredoen i funksjon og sjå til at det er nok ved på hytta. I samarbeid med Statkraft er det støpt /laga båtutsett i Langavatnet.

Transportar


Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene.

Renovasjon

Det er frakta ut søppel frå hyttene.

Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 583,5 timeverk for Ullensvang fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 240,5 timer.



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Sekretariat


Sekretærarbeidet er utført av Trine Hilstad og Sveinung Olsnes.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

Arbeid for Odda fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 143,5 timeverk for Odda fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 77 timer.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.


Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Sekretariat

Sekretærarbeidet for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er utført av Trine Hilstad og Sveinung Olsnes.

Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 1060 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 374 timer.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Hans- Jørgen Jahren.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i statsallmenningen. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades i statsallmenningen og kontrollerte jegerar. Det var også særskilde kontrollar retta mot småviltjegerar.

Fjelloppsynet hadde samordna informasjonstjeneste for alle fjellstyra i juli og augst. Arbeidet føregjekk på Tinnhølen og Haukeliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehytten.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehytten. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det frakta inn gasskåp til hyttene, og monter gassalarm på Bakkatjønnhytta. Det er montert seriekobla røykvarslerar på hyttene,

Vedlikehald av hytter m.m.


Sekretær har teke hand om rydding og søppelorganisering og administret arbeidet med bytting av dør på Muran, takreprasjon og måling av golv på Jegerbu,

Transportar

Det er utført transportar til fjellstyrehytten sommar- og vinterstid. Sekretær har organisert og delteke på noko av transport av ved til hytter og buer. (100 sekker og 6 lass langved)

Arbeid for Rauland fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 138 timeverk for Rauland fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 64,5 timer.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det var oppsyn i statsalmenningen under villreinjakta.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste fra fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar på to dagar fire veker sommarstid, samt var til stades to dagar på Haukeliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.


Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Bygningsarbeid på hytter m.m.

Det er utført mindre tømrararbeid i uthus for å lage lager til fjellstyret.

Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 311,5 timeverk for Eidfjord fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 154 timer.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning har føregått i ulike deler av allmenningen. Dette er m.a Tinnhølen, Lakjen, Lågen, Kleivshodtjørnane, Bjoreio, Drageidfjord, Svartavatnet og Svartavasstjørnet.

Under villreinjakta vart det helde oppsyn i deler av statsallmenningen. Det var kontroll med at fredningspåbodet for rype vart etterlevd.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste fra fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Båtane til fjellstyret er lagt opp for vinteren.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Noko brannvernmatteiell er bytta ut, og det er det teke inn utstyr som mangla.

Vedlikehald

Oppussing av steinbua i Langavasshallet vart påbegynt. Gamalt interiør vart rive og fjerna, og det vart sett inn nytt glas samt varedør. Det var sett på ny kledning i gavlen. Murane vart tetta og kalka.

Transportar m.m.

Det er transportert ved, gass og anna forbruksmateriell til hyttene. Søppel er transportert ut av fjellet.

Anna

Fjelloppsynet har henta vassprøver i Svartavatnet, Svartavasstjørna, Drageifjorden og «Krobu bekk» Uni Resarch as gjev økonomisk stønad til arbeidet.

Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn

Tema	Timeverk
Motorferdselkontrollar	408
Tilsyn med villreinen sin ferdsel i høve til Rv 7	83,5
Fjellrevarbeid	309
TOV–E kongeørn	15
Transport av søppel	7,5
Redningstjeneste kurs/øving	10,5
Skilting /oppsetting av ferdselsteljerar/byggetilsyn mm.	103,5
Rovviltkontaktarbeid	206
Oppsyn under villreinjakta	960
SUM	2103

Timeverka inkluderar tida til kontorarbeid.